

Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 3 - 2018 Årgang 72

Tider skal koma,
tider bort skal kvæva,
mitt skal fylgja settarad.
Aldri skal tagna
loven frá himnen
sjøllt sitt glæde pilgrimsvad.



Tårnagent



Medarbeidarsamling



Konfirmant



Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjevevje@sogndal.kyrkja.no

jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Vegard Bondevik Lie

E-post: vegard@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 906 19 080

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf: 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard Westli

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 906 17 319

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om kyrkja i

Leikanger og Sogndal

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettstad

www.kyrkja.no/bjorgvin Björgvin bispedømme sine heimesider

www.kyrkjefolk.no

om boka Kyrkjefolk

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Organ for Leikanger sokneråd

Redaksjon: Åse Kongsvik, Hege Feet Askvik,

Kirsti Svangstu og Sindre B. Ramung, Sigrid

Svartefoss

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Framsidedfoto: Sigrid Svartefoss (samt andre umerka bilete i bladet)

PRESTESPALTA

Kjøtt

Kjøtt må vi ha i jula. Det blir ikkje skikkeleg jul utan kjøtt. All den gode kjøttmaten er i alle fall noko av det eg ser fram til kvar gang det blir desember og julestemninga sakte sig inn i bevisstheita mi. Eg er veldig glad i kjøtt, og spesielt ein del av dei kjøttrettane vi tradisjonelt set til livs i juletida i Norge.

Den julebodskapen vi les om i Bibelen handlar også om kjøtt. Men då er det ikkje ribbe, pinnekjøtt, kalkun eller den slags middagsmat eg tenker på. Nei, eg tenker på menneskeleg kjøtt, eller det vi ofte kallar for kjøtt og blod. Mennesket slik det fysisk eksisterer.

For det er spesielt eitt teologisk uttrykk som skildrar juleevangeliet som eg har blitt ganske glad i. Det er: INKARNASJONEN.

Det er eit latinsk ord som vi kan omsette til norsk med "å bli til kjøtt", inkarnasjon. "Carna" er det same ordet som vi har i kjøtturen chili con carne – "chili med kjøtt".

Inkarnasjonen, "i-kjøtt-bliinga", er eit ord for julebodskapen fordi det fortel om at noko vart til kjøtt. Inkarnasjonen i Bibelen betyr at Gud vart kjøtt og blod, han vart eit menneske. Og det er det jula handlar om. Det er det vi feirar. Det er det vi les om i juleevangeliet.

Gud vart menneske av kjøtt og blod. Han vart fødd som eit barn inn i verda. Ein karakteriserer det gjerne om inkarnasjons-mysteriet. For det at Gud vart eit menneske er eit mysterium. Det er utanfor det vi kan fatte. Jesus var både Gud og menneske.

Jesus kom til verda som eit menneske, akkurat som du og eg. Han vart fødd som eit lite barn. Det var jo det gjetarane på Betlehemsmarkene fekk vite av englane at dei skulle finne: "Det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krybbe". Jesus vart fødd på ein svært så menneskeleg måte, i små kår og måtte tilbringe dei første timane av livet sitt i eit hesteskur. Det er også noko menneskeleg over den ramma Jesus kom til verda i. Det juleevangeliet vi les startar jo med noko så trivielt som ei folketeljing. Det var slett ikkje noko romarane hadde sett i stand fordi dei visste at Gud skulle komme til jorda å bli eit menneske. Livet gjekk eigentleg sin vante gang. Og midt i dette livet, midt i denne verda, kom Gud til verda som eit menneske av kjøtt og blod. Inkarnasjonen.

Då Gud vart eit menneske, kom han nær oss. Han viste med den handlinga at han bryr seg om oss. Gud ville med juleevangeliet vise oss menneske at han ikkje berre er eit vesen som sit på ei sky høgt oppe i himmelen. Han vart eit menneske, og veit difor akkurat kva det vil seie å vere eit menneske. Han veit kva det er vi må leve med kvar einaste dag. Dette er Guds kjærleik. Dette er det at Gud elsker oss menneske.

God jul!

Vegard Bondevik Lie

Trusopplæring i Sogndal og Leikanger

Det siste året har trusopplæringsutvalet i Sogndal og Leikanger arbeidd med revidering av det lokale planverket for trusopplæringa i kyrkja.

No er planen på plass, og godkjent av alle sokneråda. Planen er først og fremst eit arbeidsverktøy for kyrkjelyden. Den skal hjelpe oss å arbeide målretta og femne breitt. Kyrkja si trusopplæring er eit tilbod til alle døypte, der også andre er velkomne.

Sentral plass

Planen inneheld tiltak for alle årstrinn frå 0 til 18 år, og er lagt til rette med mål, tema og arbeidsmåte. Trusopplæringsutvalet har bygd vidare på planen som vart godkjent i 2013, justert etter erfaringane vi har frå åra den har vore i bruk. Planen er delt i aldersspenn med ein raud tråd i tematikk og der ulike tiltak bygger på kvarandre. Trusopplæringsutvalet vil no arbeide vidare med innfasing av nye tiltak.

For dei yngste, frå 0 til 10 år, har gudstenestene med utdeling av bøker ein sentral plass. Desse samlingane er gjenkjennbare, og har god oppslutning. Planen er bygd opp med tiltak som anten vert gjennomført i kvart sokn, eller som er felles. Bokutdelingane skjer alltid lokalt, medan Lys vaken for 11-åringar og Tårnagentdag for 8-åringar skjer berre i ei kyrkje. Då vert born frå både Leikanger, Stedje, Kaupanger, Norum og Fjærland inviterte. Konfirmasjonsførebuvingane skjer dels felles, og dels i heimesoknet.

Samordnar

I sokna våre er kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik leiar for trusopplæringsarbeidet. Ho samarbeidar med dei

andre tilsette og frivillige. Du vil møte henne på mange av samlingane, og det er henne du kan ta kontakt med om du har spørsmål eller innspel. I Leikanger har ho tatt særleg ansvar for Babysongen og samlingane i forkant av bokutdelingane. Leikanger er heimekyrkjelyden til Monica, så vi er ekstra heldige som møter henne ofte. Eitt av grepa som er gjort ved revidering av planen, er å samordne materiellet som blir delt ut i alle sokna. No får borna det same, uansett kva for sokn dei bur i. Kyrkjelydskontoret administrerer dette, og det er kyrkjelydspedagog og prestane som vurderer og vel ut bøker og gåver frå kyrkja.

Meisla ut

Trusopplæring handlar om å gje trua vidare og dele den. I planen er det meisla ut nokre sentrale mål for arbeidet:

- at born og unge, gjennom å dele tru og undring, skal lære å kjenne den treeinige Gud, og vekse på trua på Han.
- at born og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden, og erfarer eit raust og godt fellesskap der.
- å bidra til at foreldre ser seg sjølv som viktige medarbeidarar i trusopplæringa, samt legge til rette for eit godt samarbeid med dei.

Hege Feet Askvik

leiar i trusopplæringsutvalet



Monica Ugulsvik vil som kyrkjelydspedagog vera leiar for arbeidet med trusopplæring, her saman med sokneprest Vegard Bondevik Lie.

Bestemor til tre Jesus-barn

Kasper var først, seks år seinare var turen kome til Lars Johan, og i fjor hadde Arthur som nyfødd systrending hovudrolla i Julespel på sjølvaste julaftan.

– Ei ugløymeleg oppleving, seier Birgitte Loftesnes Røysum, som tre gonger har vore bestemor til barnet i julekrubba når «Julenatt i Leikanger» har vore framført i Leikanger kyrkje.



Eit minne for livet, seier Birgitte Loftesnes Røysum, her saman med dei tre barneborna Kasper, Lars Johan og Arthur, som alle har hatt hovudrolla i «Julenatt i Leikanger». (Foto privat).

Var skeptisk

– Då dottera vår, Kjersti Loftesnes Petty fortalde at ho var spurd om den nyfødde sonen kunne vera Jesusbarn, fråbadde eg det. Som bestemor og sjukepleiar tykte eg det var litt risikabelt å ta den to veker gamle guten til kyrkja. Det var kaldt og eg tenkte på basillar. Kjersti høyrde ikkje på meg, og Kasper er no sunn og frisk, smiler Birgitte når ho mimrar om hendinga. I 2008 vart det ei spesiell jul då Kasper var Jesusbarnet i julespelet. I 2014 var turen komen til Ida Jørstad Røysum og Erlend Loftesnes Røysum sin førstefødde, Lars Johan, å

vera Jesusbarn, og i fjor låg vetlebroren hans, Arthur i julekrubba.

Stillferdig

I 2008 var første gong sokneprest Egon Askvik ikkje hadde ei tradisjonell julegudsteneste i den ærverdige steinkyrkja. Maria (Kjersti) kom berande på Jesus-barnet (Kasper) saman med Josef opp midtgangen i kyrkja og la barnet i ei julekrybbe. Ei hending som rørde alle og gav dei ei ekstra juleoppleving.

Dramatisering av juleevangeliet på julaftan har vorte populært hjå systrendingane, og i 2014 var første gong juleevangeliet vart dramatisert slik me ser det i dag og med tre framsyningar. Nærare 700 personar har på julaftan opplevd juleevangeliet på ein måte som gjer sterkt inntrykk, på dei minste som dei vaksne.

– Ei stillferdig oppleving av juleevangeliet fortalt av kyrkjelyden for kyrkjelyden, seier Ingrid Askvik som er regissør.

Rørande

– Korleis er det å sitja i kyrkja å sjå barnebarnet i julekrubba?

– Ramma og stemninga i kyrkja er høgtidssam. Som nybakt bestemor til det første barnebarnet vårt, vart det ekstra høgtidleg. Veldig rørande var det då Egon løfta Kasper ut av krybba slik at heile kyrkjelyden skulle sjå han. Oldemor Kari frå Sogndal var saman med oss. For oss har det vore eit heilt spesielt minne å tenkja tilbake på, men det var ei like stor oppleving då det andre og tredje barnebarnet låg i krubba. Me er stolte og glade for å ha fått friske barnebarn.

Eg tykkjer det er ein fin tradisjon å starta julefeiringa med å gå til kyrkje på julaftan. Slik var det då ungane våre vaks til, og tradisjonen lever vidare. Kyrkja vår er òg ein viktig plass for ungdomane å møtast på når dei er heime på juleferie, seier Birgitte, og fortel smilande:

– Du Birgitte og Lars Johnny er storleverandørar av Jesusbarn, sa Egon ein gong til oss, seier Birgitte og smiler over dei gode minna.

Stor dugnad

– Korleis opplever du at kyrkja vår har Julespel og ikkje ei tradisjonell julegudsteneste?

– Det gjev ei konkret oppleving av juleevangeliet og ei



Ida Jørstad Røysum som Maria ser til Arthur i julekrubba, og Vegard Bondevik Lie i rolla som Josef.

auka forståing både for liten og stor. Me kan leva oss inn i julespelet. Ikkje minst deltakarane kan leva seg inn i det, og dei får fram budskapen på ein fin måte. Det vert ei anna måte å formidla innhaldet i juleevangeliet enn når presten står på preikestolen.

Og det engasjerer bygdefolk. Eg tenkjer på alle som bidreg i spelet. Ein stor dugnad gjer dei, og ekstra mange har forventning når dei går til julegudstenesta når familiemedlemer og vener deltek, anten som soldatar, gjetarar eller til dømes dansande englar.



Dansande englar i Leikanger kyrkje er med og skapar ei stemningsfull stund.

Fin stemning

Birgitte er aktiv i Opplev Leikanger, som m. a. står bak tenning av julegrana til advent.

Medlemer i soknerådet deler ut billetter til dei tre gudstenestene i Leikanger kyrkje når julegrana skal tennast.

– Kjøa er lang og det seier sitt kor godt julespelet i kyrkja på julaftan vert motteke. Dei små forstår juleevangeliet på ein heilt annan måte når det vert visualisert. Det høyrer me når me snakkar med ungar etterpå. Og så den fine songen som er fletta inn i heile spelet, og stemninga. Ei spesiell oppleving som du kan gleda deg til år etter år. Eg gler meg til julespelet i år òg, seier Birgitte Loftesnes Røysum.

Med innleving

Romerske soldatar er dørvakter, og er dei første du møter når du går til kyrkja på julaftan, til julespelet der born,

ungdomar og vaksne samarbeider for å gjera juleevangeliet levande. Sjølvaste keisar Augustus står saman med landshøvdingen Kvirinius i våpenhuset og sjekkar at du er innskriven i manntalet.

Ein nyfødd systrending ligg i krybba. Maria og Josef er på plass. Englekoret er forsongarar og gjetarane på Betlehems-marka fyller midtgangen.



Håkon Nesse t.v. og Arild Fossøy som romerske soldatar.

Spesiell plass

– Det er stor stas å kome heim for å arbeida med julespelet. Engasjerte skodespelarar frå spedborn til pensjonistar, og eit begeistra publikum gjer dette til ein av dei kjekkaste jobbane eg gjer. Det er òg særst fint å arbeida med noko eg utvikla saman med pappa. Julespelet hadde ein spesiell plass i hjartet hans: ei stillferdig oppleving av juleevangeliet, fortalt av kyrkjelyden for kyrkjelyden, seier Ingrid Askvik, som har vore regissør på alle oppsetjingane av julespelet i Leikanger kyrkje.



Dei vise menn leitar etter stjerna som leiar dei til ein stall.

Ho håpar både veteranane og nye fjes melder seg til å vera med i år. I alt trengst rundt 80 personar; gjetarar og englar, keisarar og vismenn, men òg riggehjelp og påkledarar.

– Det er ei heilt spesiell oppleving å vere med på spelet, og du er garantert gode plassar i kyrkja på julaftan.

Ingrid Askvik (33 år) har vore regissør på alle oppsetjingane av julespelet i Leikanger kyrkje. Ho er frilansar, og har regiutdanninga si frå teaterhøgskulen i Amsterdam.

Julespelet vart først sett opp i Austrheim kyrkje i Nordhordland, i eit samarbeid mellom Ingrid og Egon Askvik, Austrheim sokneråd, ungdomslaget i Austrheim og Vestlandske teaterlag.

Inspirasjonskveld for frivillige medarbeidarar i Stedje kyrkje

Korleis kan vi bli betre til å læra opp og ta vare på alle dei frivillige medarbeidarane?




Kjell Olav Høstaker Nordheim song «Himmel» av Sigvart Dagsland.

Den 8. november var om lag 60 frivillige medarbeidarar og tilsette frå alle dei 5 sokna i Sogndal og Leikanger samla til inspirasjonskveld i Stedje kyrkje.

Kvelden hadde eit variert program med musikk, song og opplesing – med smakebitar frå både Jakob Sande og Alf Prøysen si dikting. Begge organistane var på plass, med både eigne innslag og med tonefølgje til allsongen.

På pilegramsvandring



Karen Dalaker opna medarbeidarsamlinga med å deklamere «Då Gud heldt fest i Fjaler» av Jakob Sande.

Björg Tvetene Sæter tok oss med på pilegrimsvandring – eit innlegg som gjorde inntrykk og sette i gang tankane hjå oss alle. Ho fortalde levande om sine eigne vandringar og kva dei har betydd for ho, og ho minna oss om at liva våre òg er ei vandring.

«Summegrupper»

Samlinga var ein del av arbeidet med å utarbeide ein handlingsplan for oppfølging av dei frivillige medarbeidarane i kyrkja. Etter at Synneva Husabø frå Leikanger og Målfrid Lidal frå Fjærland hadde fortalt om sine erfaringar som frivillige medarbeidarar, vart forsamlinga delt inn i mindre «summegrupper» som skulle kome med sine innspel til tiltak. Korleis kan vi rekruttere fleire, og korleis kan vi bli betre til å læra opp og ta vare på alle dei frivillige medarbeidarane vi har?

Følgde opp

Det «summa» godt i kyrkjebenkane det neste kvarteret – og vi fekk mange «gule» lappar og mange gode framlegg. Så var det tid for kaffi og mat, medan praten gjekk. Samstundes var det nokre effektive medhjelparar som fekk dei fleste framlegga over på ein datapresentasjon, slik at alle fekk ei kjapp tilbakemelding der og då.

Her tek vi med nokre døme:

Fadderordningar – nye og røynde i lag, god informasjon om kva tenesta går ut på.

Lage rutinar for opplæring og oppfølging og tilby kurs der det er aktuelt.

Viktig at medarbeidarane vert sett og følgde opp.

Skipe medarbeidersamlingar og kveldar i kyrkja med ulike tema - t.d. kople historie og tru, kunst og tru og musikk og tru.

Ta med kjentfolk eller naboen på dugnad, betre barnetilbod under gudstenesta.

Invitere elevar frå kulturskulen til å bidra med song og musikk under gudstenesta.

«Glad song» - kveldar med kjende songar – og kan hende ein ny vi kan lære.

Jenter kan òg vere kyrkjevertar!

Inspirera

Det var mange gode framlegg som plangruppa lovde å ta med seg vidare, og skal vi tru at de som «summa» i lag, òg vart inspirerte av kvarandre?

Kvelden vart avslutta med andakt av Vegard Bondevik Lie og Gunnar Eldevik.

Tekst: Inger Pedersen



Dei fremmøtte fekk mykje god mat og gode kaker servert.



Bjørge Tvetene Sæter heldt innlegg om livstankar frå pilgrimsturar i Spania.



Vel 60 frivillige frå heile fellesrådsområdet var samla i Stedje kyrkje.



Det blei lagt opp til idémyldring og gode samtaler kring frivillig arbeid.



Inger Pedersen leia kvelden, og er prosjektleiar for arbeidet kring frivillie medarbeidarar.

Nytt frå fellestrådet og kyrkjeverja

Neste haust er det kyrkjeval samstundes med kommunevalet. Allereie no må sokneråda difor starte arbeidet med planlegging og førebuing.

Som alltid håpar me på god oppslutnad av valet, og framover vil du difor få meir informasjon i kyrkjelydsbladet om dette. Som før vil det bli høve til førehandsrøysting om ein ynskjer det.

Kyrkja treng folk som er engasjert og har lyst til å gå inn eit arbeid i sokneråd og fellestråd. Spør ein folk som har sete eller sit i eit sokneråd om deira erfaring med dette, får ein ofte til svar at dei tykkjer det har vore eit lærerikt og interessant arbeid.

Har du lyst til å gjere ein innsats for kyrkja, så ta gjerne kontakt med nokon i soknerådet.

Lys på gravene

Det har etter kvart vorte ein tradisjon for mange å tenne lys på gravene til sine næraste. Dette er noko som er viktig og godt for mange å få gjere. Me vil minne om at det er viktig å bruke gode lykter til dette føremålet. Helst bør det vere fastmonterte lykter, men også lykter ein set fast i plantefeltet framfor gravminnet kan nyttast. Me ser helst at lause gravlys ikkje blir brukt, då desse lett kan fare med vinden. Opne fakkelboksar er det ikkje lov å bruke, då desse lett kan setje fyr i tørt gras, mosekransar og anna brennbart.

Me vil gjerne anbefale å bruke ledlys då desse ikkje avgir varme og slik sett heller ikkje er så brannfarlege som ved bruk av open eld. Ein får mange typar av desse etter kvart og fleire har også ein storleik som høver i ei gravlykt.

Ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Kyrkjerådet har i desse dagar ute ei høyring hjå sokneråd og fellestråd på ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja. Ei kyrkjeordning seier noko om korleis kyrkja skal vere organisert, kva organ ein skal ha, medlemskap, stemmerett, oppgåvefordeling, kyrkjebygga m.m. Bakgrunnen for høyringa er at kyrkelova ikkje lenger skal gjelde, og bli erstatta av ei trussamfunnslov. Venteleg skal Stortinget behandle den nye lova våren 2019. Kulturdepartementet sendte hausten 2017 ut eit framlegg til ny trussamfunnslov for alle trus- og livssynsamfunna i Noreg, inkludert Den norske kyrkja. Dette framlegget til ny lov var då ute til høyring, og blir følgt opp med ei ny høyring i forkant av Stortinget si behandling av lova (truleg april/mai 2019).

Dagens kyrkelov skal som sagt erstattast av denne



Å tenne lys for sine kjære er ein fin tradisjon, men hugs å bruke gode gravlykter.

nye trussamfunnslova, som blir gjeldande frå 2020. Regjeringa legg opp til at den nye lova kun skal gi nokre overordna bestemmelsar om Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet vil i staden bli gitt mynde til å fastsetje øvrige bestemmelsar i ei kyrkjeordning. Kyrkjemøtet skal vedta eit samla regelverk som erstattar dagens kyrkelov. Det er framleis ope kva kulturdepartementet vil foreslå når det gjeld ny trussamfunnslov, finansiering av Den norske kyrkja m.m., og kva Stortinget til slutt vil vedta. Ein håpar likevel at denne saka vil få ein god prosess, og at det vert handtert på ein open og ryddig måte som også kan skape tillit ut i grasrota/kyrkjelydane. Ein må framleis ha trua på ei vital folkekyrkje som kan balansere tradisjon og fornying med klokskap.

Til slutt vil eg få ynskje dykk ei god førjulstid og ei velsigna jule- og nyttårsfeiring.

Det er mykje som skjer i kyrkjene våre framover no med konsertar, lysmesser, høgtidsgudstenester m.m. Nytt gjerne høvet til å ta turen til «nabokyrkja» di også.

Program for tida framover finn du ein annan stad i bladet. Det er mykje å glede seg til og me håpar å sjå deg i kyrkja.

GOD JUL!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger



I år inviterer

Opa felles julaftan-feiring

Den norske kyrkja, i samarbeid med De Heibergske Samlingar, arrangerer ei opa felles julaftan-feiring.

Tradisjonell

Etter gudstenestene rundt om i sokna på julaftan, vert det denne gongen feiring på Museet (De Heibergske Samlingar - Sogn Folkeseum) opnar kl. 17.00 og kvelden vert runda av kl.21.00.

Vi ser fram til å samlast til julemiddag ved langbord pynta med lys og anna fint.

Julaftanfeiringa vil vere tradisjonell slik mange kan kjenne det att:

Vi et pinnakjøt og god dessert, vi høyrer juleevangeliet lest, syng julesongar og går rundt juletreet.

Nokre pakkar ligg det nok under treet i år og!

Julaftan kan du kome som du er, og vi ynskje at kvelden vert avslappa og triveleg for alle.

I fellesskap

Dersom du vil vere deltakar, treng du ikkje ha nokon spesiell grunn for å vere saman med andre denne kvelden.

Med hensyn til eventuelle behov/tilrettelegging under feiringa, er vi restriktive med tanke på å offentleggjera namneliste og bilettaking.

Har du lyst å hjelpe til med praktiske oppgåver i høve feiringa, er det ekstra kjekt.

Du kan vende deg til Gitte, soknediakon, tlf. 97416519, om du har lyst å bidra på noko vis.

Døme på ting som skal ordnast:

Laga dessert, laga kålrotstappe, køyre folk til og frå som treng skyss, bidra med julepakkar eller julekaker.

Julaftan-feiringa vil vi vere saman om, i eit godt fellesskap!

Påmelding til kyrkjekontoret, 57679985, eller diakon@sogndal.kyrkja.no innan tysdag 18. desember.

Sei frå om du treng skyss, særkost eller andre ting vi skal ta hensyn til ved påmelding.



TÅRNAGENT

Viktig agentoppdrag i Ølmheim kyrkje er utført!

TÅRNAGENTAR frå Norane, Stedje og Leikanger var laurdag 20. oktober samla i Ølmheim kyrkje.

Dagen starta med presentasjon av agentar, englevakter og oppdraga me skulle løyse saman!

Døypefonten, alteret og kyrkjerommet vart grundig undersøkt og viktige spørsmål vart forsøkt å finne svar på. Det var duka for kyrkjetårnvandring, engleverkstad og bibelkryssord. Agentane gjorde ein framifrå jobb og fann ut at kyrkja har mange rom, og rommar mange symbol og tegn som fortel oss kven Gud er – det var spennande å gå på oppdagingsferd i kyrkja. Komande Tårnagentar har spennande ting å sjå fram til!

Det er mykje som skal organiserast til ein tårnagent-dag, og konfirmantane i Norum og tilsette gjorde ein ekstra innsats! Takk for rigging, gruppeleing og deltaking under arrangementet og oppattrydding – dagen hadde ikkje vorte den same utan dykk

Me har lyst å rette ein særleg takk til englevaktene (foreldre og besteforeldre) som var med oss denne dagen, de gjorde dagen trygg og fin for oss alle.

Helsing Monica, kyrkjelydspedagog.



Glimt frå konfirmantåret så langt

No er konfirmantåret alt godt i gong. Vi starta med eit kick off i Stedje kyrkje. Om lag 100 konfirmantar frå alle sokna i Sogndal og Leikanger kom saman med foreldre. Det var kjekt å endeleg vere i gong.

Dei fyrste vekene gjennomførte vi individuelle samtalar med konfirmantane og vart på den måten betre kjent med dei. Det er ein flott gjeng vi gleder oss til å bli enda betre kjent med.

Laurdagssamlingar

Mykje av konfirmantundervisninga skjer på laurdagssamlingar. Den fyrste laurdagen, 8. september var vi samla i Stedje kyrkje. Her fekk konfirmantane biblar, vi lærte om kyrkjerommet og gudstenesta, om bøn og reflekterte litt om korleis konfirmanttida skulle bli.

Vi fekk òg tid til å leike litt, og riste gruppa litt meir saman. Denne dagen tok vi òg enkeltbilete av alle konfirmantane, så no er eg i gong med å prøve å lære alle namna.

Tur i skaparverket

Siste hending i september var skaparverkstur i Sogndalsdalen kor vi lærte litt meir om Gud som skapar, og skaparverket. Turen gjekk vi frå Hodlekvebrui til kyrkjelydshytta med postar undervegs. Alle konfirmantane var ikkje med samtidig, men alle var med ein ettermiddag i løpet av to veker. Nokre hadde fint vêr, men enkelte av ettermiddagane regna det stygt. Eg må sei eg er mektig imponert over kor positive konfirmantane var som var med på opplegget, og var positive sjølv om vêret var ganske dårleg. Vel framme på kyrkjelydshytta fekk vi servert pølser og juice frå Lerum, vi hadde quiz og teikna gudsbileter, og hadde ein oppsummering av dagen.

Lysmesse

Dei to fyrste laurdagane i november hadde vi laurdagssamlingar med fokus på Jesus. Og no på seinhausten vert òg konfirmantane fordelt på heimegrupper kor dei får koma heim til 14 ulike frivillige heimar og ete, leike og lære meir. Konfirmantane er òg i full gong med å vera medhjelparar på gudstenester og gjer ein kjempeinnsats. Grunn god nok til å koma på gudsteneste. Til slutt vil eg oppmoda alle om å ta turen innom lysmesse i starten av desember. Det er ei stemningsfull gudsteneste som konfirmantane er med og arrangerer. Sjå gudstenestelista for informasjon om kor og når dei ulike lysmessene vert.

Beste helsing ungdomsprest Andreas



KONFIRMANTANE 2018 - 2019

Presentasjon av alle konfirmantane.



Alexander Saltnes Slinde



Beate Humlestøl Njøs



Hallvard Solberg Høgalmen



Daniel Flaten



Erlend Thorsnes Henanger



Anna Grepstad Røysum



Nathania Bisrat Tadesse



Brage Alvik



Ingrid Molvær



Jenny Kristina Lunde Risøen



Leander Asperanden Hauge



Hans Fosse Fidjestøl



Signe Jing Sterri Yndesdal



Sindre Asperanden Navarsete



Vilde Sørum



Emma Linneah Moen Rinde



Lukas Christensen Sjøthun



Ingeborg Knudsen Berg



Thomas Myklebust



Fredrik Skårhaug Talle



Pia Krosshaug




Håvard Kristiansen



Sarah Grepstad Røysum



Erlend Eiken Oppedal



Julian Nikolai Husum



Kari Gjengedal



Kristin Fredheim



Ingrid Hovlid

FRIMERKEAUKSJON

– No vert det nytt kjøken

Frimerkesamlinga etter sokneprest Sverre Daae gav 21.200 kroner klingande kroner på kontoen.

– Auksjonen gjekk kjempefint. Å få inn 21.200 kroner var veldig kjekt og pengane kjem vel med, seier Bjørg Anda, leiar i Leikanger sokneråd. Soknerådet valde å leggja auksjonen til laurdag 6. oktober på Fruktbare dagar, ein dag mykje folk er samla i sentrum på Hermansverk. Pengane kjem vel med til arbeidet med å byggja om kjøkenet og ny inngang med universiell utforming.

Trengst

– Kjøkenet er for lite i ein del samanhengar og folk går «opp-på» kvarandre. Ved å byggja om vil kjøkenet mellom anna få ei betre løysing for handtering av oppvasken, seier Anda. Ho kan ikkje tidfesta dato for når arbeidet kan byrja, men det vert ut på nyåret. – Juletreffesten skal gjennomførast som planlagt, seier Anda, som er særst glade for at dei får realisert eit stort ynskje for eit betre kjøken. – Då må me tola litt rot medan me har noko godt i vente, seier Anda.

Men før snikkarane får utvida kjøkenet frå ei «gangflate» frå fire til 10 kvm, må det lagast ny tilkomst.

– Sjølv om frimerkesalet gav 21.200 kroner, er me ikkje økonomisk heilt i mål. Me manglar framleis 164.750 kroner for at arbeidet er fullfinansiert, men eg er i gang med å skriva søknader, seier Kolbjørn Nord, leiar i styret for kyrkjelydshuset.

Stor pågang

Interessa for frimerkesamlinga var stor. Mange kontakta soknerådet før auksjonen. Lister over samlinga vart send til alle frimerkeklubbane i fylket.

– Eg håpa nokre såg verdien av samlinga. Kanskje det er personar som vil ha frimerke til minne om konfirmasjonspresten sin, sa Anda på auksjonsdagen. Einar Sæterbø, som sjølv er ein ivrig frimerkesamlar, var ein av dei mange som tok turen til Café Hermann for å studera samlinga etter tidlegare sokneprest Sverre Daae.



Knut Henning Grepstad fortalde nokre av dei mange historiene om den tidlegare soknepresten i Leikanger. (Foto: Knut Strøm)

Reiseglad prest

– Hobbyar endrar seg.

Interessa for frimerke ser ut til å vera på veg nedover, seier Sæterbø, og studerer ivrig frimerka. Nokre av frimerka var vitskapleg på plass i album, elles var det mange konvoluttar og kort med frimerke frå fjerntliggjande land, og andre frimerke låg laust i sigarøskjer. Nokre frimerke har stempel, medan andre er ustempla. Frimerka fortel at systrendingane hadde ein særst reiseglad prest.

– Dei verkeleg sjeldne frimerka finn eg ikkje, men eg ser mange frimerke har førstedagsstempel, seier Sæterbø, som konstaterer at Daae-samlinga slutta ein gong på 1960-talet.

Tett i tett

Ikkje ein stol var ledig då den tidlegare Leikangerlensmannen Haavard Stensvand slo klubba i bordet og sa auksjonen for opna.

Olav Aga har vore fagmannen og hadde stipulert verdien av samlinga til 25.000 - 30.000 kroner.

Før auksjonen opplyste Aga at dei kanskje kan få 30 prosent av verdien på samlinga.

Fortel historie

Auksjonen gjekk fort unna. Bodet starta på 8.000 kroner, men det var berre to som var med heilt fram til dei siste rundane og tilslaget enda til slutt på 21.200 kroner.

– Kjekt å få tilslaget på frimerkesamlinga som den markerte presten Sverre Daae har samla gjennom eit langt liv, seier Reidun Sterri Fjell. Ho fortel det er ei av døtrene som kjøpte samlinga.

– Samlinga spenner vidt. Her er òg mange førstedagsstempel. Samlinga frå Island er spesiell, seier Sterri Fjell.

– For fleire land er samlinga nesten komplett. Frimerka



Nokre av breva og korta som var adresserte til Sittona Fosse.



Bjørg Anda viser fram nokre av dei mange frimerka som skulle hammaren.

fortel både ei geografisk og politisk historie. Ja, her er frimerke frå land som ikkje eksisterer lengre, seier Jan Fjell, som hugsar den tidlegare soknepresten i heimbygda si.

I banken

Sverre Daae var sokneprest i Leikanger frå 1923 til 1960. Han hadde ikkje livsarvingar, og testamenterte eiga si til Kyrkjelydshuset.

Frimerkesamlinga si testamenterte han til Sittona Fosse. Då ho døydde, kom samlinga attende til Leikanger, og har vore trygt lagra i eit bankkvelv hjå sparebanken. Då banken stengde dørene for eit par år sidan, kom samlinga på ny fram. Soknerådet valde å selja heile samlinga under eitt.

Unik samling

Samlinga med islandske frimerke var eineståande og vide kjend, fortalde Knut Henning Grepstad på auksjonsdagen. Han fortalde at ein dag kom ein gut i prestegarden og spurde om å få sjå samlinga. Då presten måtte ut ei kort stund, tok guten alle frimerka og sykla heim att.

– Daae oppdaga sjølv sagt at alle dei islandske frimerka var borte. Han ringde då til far til guten, og han måtte sykla ut att til prestegarden. Frimerka er her no, fortalde Knut Henning Grepstad til slutt.

Og så kunne auksjonarius Stensvand slå klubba i bordet etter ein kort og intens bodrunde.



– Kjekt å få tilsaget på frimerkesamlinga etter ein så markert prest som Sverre Daae, seier Reidun Sterri Fjell t.v., saman med Bjørg Anda, leiar i Leikanger sokneråd, og auksjonarius Haavard Stensvand. (Foto: Knut Strøm)

Presten som sette djupe spor i bygda

Sverre Daae var ein fargerik prest som var i bygda i heile 37 år, og det går mange historier om han.

– Engasjementet hans for bygda viste seg òg då han testamentet all si eige til bygda og til Sittona Fosse. Då ho døydde, gjekk all eiga til kyrkjelydshuset, seier Knut Henning Grepstad.

Var omtykt

Systrendingane fekk ein prest som var særleg engasjerte i arbeidet for dei som hadde minst, dei gamle og han vann seg stor respekt for arbeidet sitt.

– Dette syntte han i praktisk virke i heile prestatida si, seier Grepstad, og fortel det var ikkje berre i hovudsoknet dei sette pris på presten sin.

– Fresvik, Feios og Frønningane høyrde då til Leikanger kommune, og Daae var godt likt i alle sokna. I hovudsoknet var dei meir delte. I Husabø budde dei som var meir kyrkjeleg engasjerte enn dei som budde på meir industrialiserte Hermansverk. Her heldt òg eitt av dei største AUF-laga i fylket til, og i desse miljøa var Daae særleg godt omtykt.

Særmerkt prest

– Sverre Daae var ein av dei sjeldne prestane i Sogn. Han var ein dyktig prest, var naturist og sambuar med Sittona Fosse. Han var ein særleg frilynt person, og han hadde ein ny og framand måte å vera prest på. Særleg for dei som var opptekne av kyrkja, fortel Grepstad. Han voks opp i Korea, bustadfeltet som grensa opp til prestegarden. Knut Henning var òg i det siste kullet som Daae konfirmerte før han vart pensjonist og flytte til Oslo.

– Alle konfirmantane vart då invitert på fest i prestegarden.

Forts. neste side..

– Formana meg

Presten reiste til mange og fjerne land, og det på ei tid då folk flest ikkje hadde råd til å reisa på ferie. På desse reisene var han flink til å senda brev og postkort med førstedagsstempel heim til sambygdingar.

Terje Eggum var som liten mykje i stovene hjå Daae og Sittona.

– Eg hugsar eg rulla rundt med ein skinnpuff, og me vart gode vener. Etter at han vart pensjonist og flytte frå bygda i 1960, sende han meg kort og brev med filatelistisk frankerte brev frå San Marino, Vatikanstaten, Spania og Sveits. Særleg sette eg stor pris på heile frimerkeserien han sende meg i høve OL i Roma i 1960, seier Eggum.

Daaen sende ikkje berre filatelistiske kort og brev.

– Han skreiv alltid ei helsing og formana meg at eg måtte vera flink med skulearbeidet og hjelpe til heime. Og så måtte eg passa godt på brørne mine. Daae var særst omtenkjam. Etter at han var død, besøkte eg Sittona i Oslo, fortel Eggum.

Mange historier

– Han likte å kosa seg med god vin, hadde fast bestilling på polet i Bergen, og pakken kom med båten til Leikanger. Den samvitsfulle leiaren på damskipskaia, Mathis Rise, såg at han måtte gje melding til presten at polpakken måtte hentast snarast. Presten skjønnte godt kva Rise meinte då han ringde og fortalde at pakken var kome med båten frå Bergen. Kanskje var det andre på kontoret så Daae sa: Å, det må vera nytestamenta til konfirmantane.

– Det kan godt vera, men du må skunda deg og henta dei, for dei leke, svarta Rise.

Naturist

Daae var naturist. Det var ein sjeldan ting i bygda og det vart sjølvstøtt folkesnakk.

– Han og Sittona, som truleg var sambuaren hans, var på prestastølen på Kleppa og dreiv på og arbeidde der. Ei tenestejenta i prestegarden kom opp.

Då ho kom ned att i bygda, fortalde ho: Han var naken. Han hadde undebroki på seg. Ho var på hovudet.

Drivkraft

Daae var òg drivkrafta i arbeidet med å få restaurert Leikanger kyrkje, ei steinkyrkje frå 1250, og arbeidde mykje med å skaffa pengar til arbeidet.

– Han var ein kulturperson, hadde eit brennande engasjement og stilte seg i spissen for å få vedlikehalden og restaurert kyrkja. Det er han å takka at kyrkja har det flotte inventaret og det tårnet som ho har i dag. Heile

livet sitt arbeidde Daae for kyrkja og å vera ein god prest for alle, seier Grepstad.


Kyrkja fekk tårn og to våpenhus på 1600-talet, men i 1872 vart kyrkja modernisert til det ugjenkjennelege, og så godt som alt inventar bytt ut. Det sørvendte våpenhuset vart rive og våpenhuset i vest vart erstatta med eit overdimensjonert moderne tårn.

I 1936 var kyrkja restaurert innvendig og utvendig i 1955.

I 1936 kom det gamle inventaret på plass, i 1955 vart det bygt nytt tårn etter oppropphavelege teikningane frå 1660 av Jonas Prahm. I 1960 fekk kyrkja nye og mindre vindauger. I 1980 kom nytt sakristi.

Tett på tyskarane

– Me kan ikkje unngå å nemna at Daae i dei fem krigsåra, hadde nært samarbeid med tyskarane som var



Sverre Daae i frakk og hatt på trappa i prestegarden, med dokumentmappa i eine handa og bibel og salmeboka i den andre. (Eigar/foto: Terje Eggum)

stasjonerte i Leikanger.

Etter freden i mai 1945 vart han stilt for retten skulda for landssvik. Han var ute av teneste fram til 1952.

Då saka kom for retten, vart han frikjend og han kom attende til presteteneste i 1952, og han var her fram til han var pensjonist i 1960, fortel Knut Henning Grepstad.

Gratis billetter til Julespel

Også i år vert det delt ut gratis billetter til dei tre gudstenene på julaftan.

NB! Det er nytt klokkeskett for utdelinga, frå kl. 12 - 14 i idrettshallen i Saften.

Det vert òg kafé og julemarknad i idrettshallen i regi av Opplev Leikanger.

Midnattskonsert

Midnattskonserten 1. juledag i Leikanger kyrkje

I meir enn 30 år har Leikanger Musikklag invitert folk i Leikanger til ei roleg (og hyggeleg, håpar vi) stund der musikken står i sentrum.

Frå kl. 23 til midnatt
1. juledag pyntar vi oss i
finstasen og trenger oss
saman framfør alterringen
i ei julepynta kyrkje for å
dele ei musikalsk oppleving
med dykk.

For oss i korpset er det
stort og mektig å få spele
musikk med den akustikken
som kyrkja gjev, og med eit lydhørt og trufast publikum.
Vi øver jamleg på stykka gjennom heile haustsesongen,
men øvingane delast også med stykke vi speler på andre
konsertar og arrangement korpset deltek på. Likevel er



det oftast nokon av dei mest
krevjande musikkstykkar vi har
i løpet av året vi framfører
under midnattskonserten, så vi
har «sånn passe» med nervar
før konserten...

Det er viktig for oss i
Musikklaget å halde
fram med denne flotte
julekonserttradisjonen.

Så håper vi at du tek deg tid i jula til å dele denne
opplevinga saman med oss!

Hjarteleg velkomen til konserten vår!

Fargerik førjulsamling

I år som dei siste åra, vert det arrangert førjulsamling på Kyrkjelydshuset lørdag 8. desember kl. 15 - 17.

Då inviterer me til ein pause frå førjulsmas og -stress og til ei stund med mat og prat.

Også i år legg me opp til smakar frå ulike delar av verda og me vonar at både innfødde og nyinnflytta bygdefolk tek turen innom.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Soknerådet, Flyktningtenesta og Frivilligsentralen.



Foto: Egon Askvik

Den store basarkvelden

God gamaldags basarstemning på den tradisjonelle basaren på Kyrkjelydshuset.

Den store tilstrøyminga av små og store til Kyrkjelydshuset viser at basaren er populær hjå bygdefolk. Ikkje eit sete var ledig, og folk sat tett i tet rundt borda, men stemninga var høg frå dei minste til dei eldste.

Dugnad

Basaren er ein einaste stor dugnad. Basarnemnda hadde gjort ein framifrå innsats og fått mange og fine vinstar både til omgangane med årar og sal av loddar på bok, så det mangla ikkje påsjansen til å gå heim att med vinst.

Det er òg tradisjonen å byrja basaren med kaffi, te, saft og kaker. På kakebordet stod fat med heimebakte kaker tett i tett.

Ettertrakta

Pengane sat laust hjå dei frammøtte. Salet av årar gjekk som ein draum.

– Dei som ikkje fekk kjøpt seg årar no, skal ha førterett i neste omgang, sa Jorunn Fosse Fidjestøl.

Fint overskot

– Me fekk inn 34.000 kroner. Eit kjempeflott resultat, seier Bjørg Anda, leiar i soknerådet. Ho fortel den årleg basaren er viktig for at dei kan halda huset vedlike. I år er det viktigare enn nokon gong då kjøkenet skal utbetrast. På basarkvelden fekk kjøkengjengen merka at det er vel trøgt, og det er på høg tid å få eit kjøken er litt romslegare.

Strålande nøgde

Basarnemnda er strålande nøgde med opplustnaden om basar.

– Ein takk til alle som bidrog til at dette let seg gjennomføre: private og firma som har gjeve vinstar, alle dei som bidrog med kaffimat, dei som hjalp til med førebuingane, kjøkken- og ryddegjengen, og ikkje minst alle som møtte fram og kjøpte lodd, seier Bjørg Anda.



Denne juleduken var hovudvinst på loddbøkene.



Oppslutnaden om basaren på Kyrkjelydshuset var stor, og ikkje ein stol var ledig.

Kyrkja får ikkje lenger fødselsmeldingar

Frå 1. oktober sender ikkje folkeregisteret lenger fødselsmeldingar til kyrkjekontora om nyfødde barn som er barn av medlemmer i Den norske Kyrkja.

Slike meldingar har Kyrkja fått i mange år, men no er tilgangen til informasjon frå folkeregisteret om familierelasjonar stramma inn.

– Det endrar ein del på rutineane våre for å invitere til dåp, seier kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og sokneprest Vegard Bondevik Lie.

– Fram til no har me sendt ut invitasjonar til våre medlemmer som har fått barn, etter at me har fått fødselsmeldingane, og invitert dei til dåp i kyrkjene våre. No må me bli flinkare til å invitere på andre måtar.

Må gje gode opplevingar

– Den beste rekrutteringa er den som skjer mellom småbarnsforeldre i same situasjon, der dei fortel kvarandre om gode opplevingar med dåp og med møtet med Kyrkja. Me må difor vere flinke til å møte folk på ein god måte, og gjere gudstenestene, dåpssamlingar, dåpssamtalane, babysang og arbeidet vårt elles til gode møteplassar, seier Ugulsvik.

Flyt på tradisjonen

For svært mange foreldre i vårt område er det framleis heilt naturleg å ta kontakt med kyrkja ei tid etter fødsel, då me har lange tradisjonar og relativt god oppslutnad om kyrkjelege handlingar.

– Men i eit samfunn i utvikling kan me ikkje kvile berre på gamle tradisjonar og tru at ting går av seg sjølv, påpeikar Lie. Difor må me vere synlege på



– Kyrkja må endra rutineane våre for å invitere til dåp, seier kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og sokneprest Vegard Bondevik Lie.

Dåp

Velkomen til dåp!

Når eit barn blir borte til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvidt fellesskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lovar å følgje barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på www.sogndal.kyrkja.no/Dåp


DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Sogndal og Leikanger

mange arenaer, og til dømes bli flinkare til å invitere til dåp også gjennom sosiale medier og andre stader.

– Me må bli tydelegare i dei kanalane me har.

Gjer porten vid!

– Dåpen er grunnlaget vårt som kyrkje, og utgangspunktet for alt arbeidet me driv for born og unge, seier Ugulsvik. Difor er framleis alltid «døri høg og porten vid» for alle som vil kome med borna til dåp.

– Me som jobbar i kyrkja, og alle som er glad i kyrkja, deler dette ansvaret for å nå ut med invitasjon til dåp på nye måtar, seier Lie.

Kontaktinformasjon:

Monica Ugulsvik, 906 17 319, monica@sogndal.kyrkja.no
Vegard Bondevik Lie, 906 19 080, vegard@sogndal.kyrkja.no



VIL DU VERE MED PÅ ÅRETS JULESPEL?

Tradisjonen tru, vil det og i år bli fremført «Julenatt i Leikanger» på julafta i Leikanger kyrkje. Vi søker deg som har lyst å vere med på framføringa av den vakraste julegudstenesta i Sogn!

«Julenatt i Leikanger» vert framført av opp mot 100 frivillige frå Leikanger, og det er mange rollar som skal fyllast. Vi treng frivillige til forestillingane kl. 12, 14 og 16 på julafta. Du kan vere med på ei av desse, eller fleire om du og vil det!

Alle mellom 0 og 100 år som vil vere med, er hjarteleg velkomen!

Rollar som treng skodespelarar:

- Keisar Augustus
- Josef
- Gjetarar
- Kvirinius
- Maria
- Englar
- Soldatar
- Nyfødd systrending som Jesusbarn
- Tre vise menn (born)

Vil du vere med? Ta kontakt med:

Monica Ugulsvik - monica@sogndal.kyrkja.no
Hallgeir Øgaard Westli - hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Sjå og våre nettsider:
www.sogndal.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Leikanger kyrkje

Glede og sorg

Døyppte

16.09.2018 Live Schedel Holmøyvik
16.09.2018 Håkon Bøyum Njaastad
07.10.2018 Sigve Klingenberg Andersen
Døyppt i Årdal kyrkje
14.10.2018 Saga Ugulen Bækken
14.10.2018 Arian Nes Henjum
14.10.2018 Sigrid Kalstad Sortevik
28.10.2018 Johan Njøs Høgheim

Vigde

01.09.2018 Ingrid Fjalestad og Ørjan Næss

Gravlagde

06.09.2018 Ingrid Hansine Hauge
13.09.2018 Inga Langeteig
20.09.2018 Borgny Hagen



VIL DU SYNGJE PÅ LUCIAFRUKOST?

Torsdag 13. desember kan du få vere med å starte dagen i Leikanger kyrkje. Klokka 07.30 er du velkomen til å vere med på Lucia-frukost.

Sentralt i gjennomføringa av Lucia-frukost er eit kor som består av born og unge. Dette vil vi gjerne ha deg med på!

Dersom du sjølv er sangglad, eller du har sangglade born, så er du hjarteleg velkomen til å bli med på Luciafrukost.

Øving vert i Leikanger kyrkje onsdag 5. desember frå kl. 17 - 18.30.

Torsdag 13. desember møter koret opp kl. 7.15.

Vil du vere med?

Send e-post eller sms til:

Hallgeir Øgaard Westli
hallgeir@sogndal.kyrkja.no
Telefon: 94 00 38 34

Sjå og våre nettsider:

www.sogndal.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Leikanger kyrkje

Våre støttespelarar:



Leikanger Auto

Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no

www.leikangerauto.no



sparebanken

sogn og fjordane

Tlf: 57 82 97 00

www.ssf.no



Sogn
gravferdshjelp

Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)

E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli

Hans Magne Kvåle

Hege Urnes

Ingar Husum

KIWI mini
pris

TIPPING - RIKSTOTO

08-22 (20)


SOGNEFJORD
HOTEL

Tlf: 57 65 11 00



 **LEIKANGER Fjord Hotel**

Tlf: 57 65 60 20



Sogn Kontorsenter

Leikanger - Årdal
57 67 66 99

www.sognkontorsenter.no



Oppslagstavla

Babysong

Årets tre siste babysongsamlingar er torsdagane 8.11, 15.11 og 22.11. Samlingane finn stad på kyrkjelydshuset. Dei startar kl. 11.00 med song og avsluttar med enkel lunsj. Følg oss gjerne på Facebook: "Babysong Leikanger".

13.dags fest

Soknerådet vil også denne jula skipa til den tradisjonelle julefesten 13. dag jul - 6. januar på Kyrkjelydshuset.

Tysdagstreff

Årets tre siste tysdagstreff er 13.11, 26.11 og 11.12 på kyrkjelydshuset. Trim frå kl. 11.30. Sjølv treffet startar kl. 12 og varer til ca. kl. 14.

Händels Messias - konsert med Sogndal Songlag og Førde kammerkor

Søndag 9. desember kl. 19 framfører Sogndal Songlag og Førde kammerkor det storslåtte oratoriet "Messias" av Georg Friedrich Handel i Stedje kyrkje. Mari Askvik frå Leikanger er solist i lag med Christine Marøy, Bjørn Gisle Sæter og Eivind Kandal.

Babysong i nytt år

Alle nyfødde systrendingar og mor/far er hjarteleg velkomne til å vera med på Babysong på kyrkjelydshuset etter jul, torsdagar kl. 11 frå 24.januar – 4. april

Mariahelg på Alværa misjonssenter 2019.

1-3 mars 2019 blir det Mariahelg for damer i alle aldrar.

Tema for helga vert «Vegen heim» - om tru og identitet i ulike livsfasar.

Dei som skal lose oss gjennom temaet vert sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen.

Vil du vere med på årets julespel?

Tradisjonen tru, vil det og i år bli fremført «Julenatt i Leikanger» på julafta i Leikanger kyrkje. Vi søker deg som har lyst å vere med på framføringa av den vakraste julegudstenesta i Sogn!

«Julenatt i Leikanger» vert fremført av opp mot 100 frivillige frå Leikanger, og det er mange rollar som skal fyllast. Vi treng frivillige til framsyningane kl. 12, 14.30 og 16 på julaftan. Du kan vere med på ei av desse, eller fleire om du og vil det! Alle mellom 0 og 100 år som vil vere med, er hjarteleg velkomen! Vil du vere med? Ta kontakt med: Monica Ugulsvik - monica@sogndal.kyrkja.no Hallgeir Øgaard Westli - hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Sjå og våre nettsider: www.sogndal.kyrkja.no

Vil du syngje på Luciafrukost?

Torsdag 13. desember kan du få vere med å starte dagen i Leikanger kyrkje. Klokka 07.30 er du velkommen til å vere med på Lucia-frukost. Sentralt i gjennomføringa av Lucia-frukost er eit kor som består av born og unge.

Dette vil vi gjerne ha deg med på! Dersom du sjølv er songglad, eller du har songglade born, så er du hjarteleg velkomen til å bli med på Luciafrukost. Øving vert i Leikanger kyrkje onsdag 5. desember frå kl. 17 - 18.30. Torsdag 13. desember møter koret opp kl. 7.00.

Vil du vere med? Send e-post eller SMS til Hallgeir Øgaard Westli (hallgeir@sogndal.kyrkja.no, 940 03 834). Sjå og nettsidene våre www.sogndal.kyrkja.no



13. dagarsfesten i fjor

KYRKJEKALENDAR

November 2018-mars 2019

November

Søndag 11.11 – 25. søndag i treeiningstida
Matt. 14, 22-34
Kl. 11: Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til NLM.

Søndag 25.11 – Domssøndag / Kristi kongedag
Matt. 25, 1-13
Kl. 11: Familiegudsteneste og «lys vaken»-gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Amnesty International.

Desember

Søndag 9. desember – Andre søndag i advent
Joh. 16, 21-24
Kl. 19: Lysmesse. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Måndag 24. desember – Julaften
Kl. 12, kl. 14.30 og kl. 16: Julespel ved familien Askvik og frivillige. Offer til Kirkens nødhjelp.

Tysdag 25. desember – Første juledag
Kl. 12: Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til NMS.

Måndag 31. desember – Nyttårsaften
Kl. 16: Minnegudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Januar

Søndag 13. januar – 2. søndag i openberringstida
Kl. 17: Familiegudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 27. januar – 4. søndag i openberringstida
Kl. 11: Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Februar

Søndag 10. februar – 6. søndag i openberringstida
Kl. 11: Familiegudsteneste. Utdeling av 11-årsbibel. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 24. februar – Kristi forklåringsdag
Kl. 19: Kveldsgudsteneste. Ungdomsprest Andreas Danbolt og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Mars

Søndag 3. mars - Fastelavnssundag
Kl. 11: Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Onsdag 6. mars – Oskeonsdag
Kl. 11: Salmar og kaffi. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 17. mars – 2. søndag i faste
Kl. 11: Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

April
Søndag 7. april – 4. søndag i faste
Kl. 17: Familiegudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Sjå oppdaterte gudstenestelister på <http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalender.4850977-172067.html>